

RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLODato: 30.11.2017
Vår ref.: 2017/15118-17
Saksbehandlar: Iarbirik
Dykkar ref.:

Søknad om dispensasjon etter kulturminnelova § 8.4 for ID 143890, ID 111936 og ID 111940, Kvinnherad kommune, Hordaland

Hordaland fylkeskommune sender søknad om dispensasjon etter kulturminnelova §8 fjerde ledd for Askeladden ID 143890, Usthus, gnr 217, bnr 1, Askeladden ID 111940, Nordhus gnr 209, gnr 3 og Askeladden ID 111936, Nordhus gnr 209, bnr 2 og 3, i samband med detaljreguleringsplan for Fv62 Fjelbergsambandet, Kvinnherad kommune, Hordaland fylke.

Bakgrunn og saksgang

Forslag til reguleringsplan for veg på Borgundøy, Fjelbergøy og bru til Halsnøy, ArealplanID: 1224 20170006, deler av gnr 208, 209, 210, 216, 217 og 224 Kvinnherad kommune vart lagt ut til offentlig ettersyn 27.10.2017. Varsel om oppstart av planarbeid og forslag til planprogram vart lagt ut til offentlig ettersyn 04.09.2017 med frist for merknader sett til 15.10.2017. Føremålet med planen er å regulere til nytt vegsamband mellom Borgundøy, Fjelbergøy og Halsnøy. Detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing (KU) for Fjelbergsambandet skal vise ny fylkesvegtrasé for dette sambandet, som i dag er avhengig av ferje. Traséen skal fylgje alternativ 2A i vedteken kommunedelplan (27.09.2012) som legg til grunn fast vegsamband mellom Borgundøy og Fjelbergøy og kabelferje frå Fjelberg over til Sydnes. I staden for kabelferje omfattar reguleringsplanen no ei løysing med ferjefri kryssing av Sydnessundet.

Tiltakshavar er Kvinnherad kommune.

Det planlagde brustrekket mellom Fjelberg og Sydnes over Sydnessundet skal fylgja traséen for kabelferje frå kommunedelplanen. Med unntak av område for ilandføring av bru på garden Sydnes – Halsnøy, vart det i 2006 og 2011 gjort arkeologiske registreringar langs heile vegstrekket. I brev datert 08.11.2017 varsla Hordaland fylkeskommune at det vart naudsynt med ei arkeologisk registrering av planområdet på Halsnøy at undersøkingsplikta jf. §9 i kulturminnelova skal vera oppfylt.

Den arkeologiske registreringa fann stad 21.11.2017. Det vart ikkje påvist nye automatisk freda kulturminne. Frå før var funn frå steinalder levert Hordaland fylkeskommune i 2004 etter bygging av hus på slutten av 1980-/ byrjinga av 1990-talet. Desse funna er registrert i Askeladden som lokalitet ID 95919. Planområdet ligg nær funnstaden, men undersøkingane viste at lokaliteten har lege noko høgare og framme på landskapstunga der huset og garasjen no står. Lokaliteten har mest truleg blitt øydelagd i samband med husbygginga. Grunneigaren kunne og opplyse om at det hadde runne ei mindre elv/bekk gjennom draget. Denne er no lagt i røy.

Undersøking med prøvestikk og jordborr viser at arealet langs eksisterande veg lenger og lenger oppe mot aust er skrint og rett ned på berg. Dette samsvarar også med grunneigar sine opplysingar. I tillegg har elva

hatt stor innverknad på masseavsetning. Hordaland fylkeskommune ser difor at potensialet for nye funn i planområdet er lite og at undersøkingsplikta i planområdet er oppfylt.

Tidlegare funn i området

På garden Sydnes er det elles kjent ei rekkje gravrøyser langs stranda. Slik planen no ligg føre er det ikkje noko nærføring til desse med omsyn til ny bru. Den eksisterande ferjekaien ligg i dag knappe 20 meter nordvest for langrøysa ID 66380. Landkjenning for ny bru vil komma om lag 100 meter nordnordvest for ID 66380 som, med unntak av lokaliteten ID 95919, er det kulturminnet som ligg nærast planområdet. I tillegg ligg det og ei lita gravrøys, ID 95917, vel 130 meter nord for brua.

Rett over Sydnessundet, ligg ei gravrøys, Askeladden ID 66367, lokalt kalla «Munkurdo». Røysa er lagt inn i plankartet som omsysone H730. Røysa ligg nær området for ilandføringa for brua på Fjelbergøy. Ut frå at røysa ligg noko høgare opp i lendet, og at det var ein eldre skogsveg i området frå før, gjorde at Hordaland fylkeskommune kunne godta dåverande kai for kabelferje i kommunedelplanen som vart vedteken i 2012.

Langs Sydnessundet og Fjelbergsundet er det mange kystrøyser og det er frå før kjent mange automatisk freda kulturminne på Borgundøy. Fleire av desse ligg i området rundt vegplanen.

Rett vest for planområdet er det funne dyrkingsspor datert til overgangen mellom seinneolittisk tid og bronsealder, Askeladden ID 111956. Lenger nord, på ei framskoten høgde, ligg ein gravhaug, "Krekjahaugen", Askeladden ID 15776. Få meter rett sør for denne ligg restane etter ei hellekistegrav frå jernalder Askeladden ID 95075.

Den arkeologiske registreringa i 2006 som har relevans for reguleringsplanen

På Fjelbergøy, på garden Nordhus gnr 209, bnr 2 og 3, skal traséen i all hovudsak følgja dei eksisterande landbruksvegane, men med enkelte utbetringar av desse.

Registreringa viste her eit enkelt avsviingslag/dyrkingsslag i den nordlige profilveggen, dette er tolka som ein einfasa lokalitet. Lokaliteten har fått Askeladden ID 111936. Eit enkelt dyrkingsslag vart og funne i sjakt 3. Attmed ein større stein var laget godt bevart. Det vart teke ein dateringsprøve. Denne er datert til Cal BC 2140 – 1930. Lokaliteten er lagt inn i Askeladden med ID 111940. Desse to lokalitetane er skildra i Rapport 12 – 2006.

Den arkeologiske registreringa i 2011

På garden Usthus vart det ved arkeologisk registrering i 2011 grave ni sjakter der det vart funne to automatisk freda kulturminne innafor planområdet, Askeladden ID 143884 og ID 143890. (fig. 4, 7). Kulturminna er fossile dyrkingsspor funne i to ulike sjakter. På lokalitet 1 vart lag B vart datert til vikingtid, 1170±30 BP (kalibrert 880 e.Kr.), og lag F datert til eldre bronsealder, 3360±30 BP (kalibrert 1650 f.Kr.). Denne lokaliteten har fått Askeladden ID 143884 og er vist på noverande reguleringsplankart som omsynsone H730. På lokalitet 2 er det og påvist to dyrkingsslag der lag B er datert til eldre romertid, 1980±40 BP (kalibrert 20 e.Kr.), og lag C datert til yngre bronsealder, 2730±30 BP (kalibrert 850-890 f.Kr.). Denne lokaliteten har fått Askeladden ID 143890.

Fristar

Hordaland fylkeskommune hadde frist for fråsegn til 08.12.2017 då Kvinnherad kommune ynskte å handsame saka i kommunestyremøte før utgangen av desember 2017. Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren har sett ny utsett frist i 3 + 1 måned i samband med arkeologisk registrering av planområdet på austsida av Sydnessundet på garden Sydnes gnr 208. Vår **frist i saka er då 27.01.2018**.

Vurdering og tilråding

Reguleringsplanen er i konflikt med lokalitet ID 143890, då området er planlagt regulert til veg. Hordaland fylkeskommune og Statens Vegvesen har lagt ned svært mykje arbeid i samband med kommunedelplanen for å finna ei løysing for vegtrasé på Borgundøy for å unngå nærføring til «Krekjahaugen», ID 15776.

På Fjelbergøy er reguleringsplanen i konflikt med lokalitet ID 111936 og lokalitet ID 111940. Eksisterande veg ligg i sikringsona, og det er lite areal utanfor denne som vil verte råka. Reguleringsplanen som no er lagt ut til offentleg ettersyn er i tråd med vedteken kommunedelplan frå 2012.

Hordaland fylkeskommune

Fylkeskonservatoren vurderer planen slik at den vil kome i konflikt med lokalitetane ID 143890, ID 111936 og ID 111940. Vår vurdering er at lokalitet 143890 kan ha eit større bevart kjeldepotensiale for ny kunnskap om førhistorisk bruk av området. Øyane er rike på kulturminne, men har liten grad av fagleg undersøkingar med omsyn til førhistorisk liv og virke i området. Me finn difor at ut i frå tiltaket si lokale nytte må lokaliteten kunne dispenseras i frå det lovheimla vernet. Vår faglege vurdering er at ein her bør stilla vilkår om arkeologisk undersøking. Lokalitetane ID 111936 og ID 111940 er derimot lokalitetar som er enklare med omsyn til bruk og stratigrafi. Dei er og meir forstyrta av nyare aktivitet. Fagleg vil desse lokalitetane truleg ha lite ny informasjon og me vil rå til at desse vert dispensert utan vilkår om ytterlegare arkeologisk gransking.

Konklusjon

Fylkeskonservatoren vurderer kjeldepotensialet til ID 143890 til å vere stor. Ei arkeologisk gransking vil kunne sikre det vitenskaplege kjeldematerialet på ein god måte. ID 143890 er markert i plankartet som bestemmelsesområde #3, medan ID 111936 og ID 111940 er markert i plankartet som bestemmelsesområde #1 og #2.

Hordaland fylkeskommune tilrår at Riksantikvaren gjev løyve til inngrep etter § 8 fjerde ledd for det automatisk freda kulturminne ID 143890, med vilkår om ei arkeologisk undersøking, og ID 111936 og ID 111940 utan vilkår.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Lars Øyvind Birkenes
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg (må hentast via Dropbox):

Registreringsrapportar
Reguleringsplankart
Oppstartsmelding
Diverse brev i sakshandsaminga

Kopi til:

Universitetet i Bergen, Fornminneseksjonen
Hans-Christian Engum
Gunhild Raddum